



Informasjon om AvtaleGiro

Sygna ynskjer at betaling av skulepengar, kostpengar og internatleige skjer ved avtalegiro. Det lettar vår handsaming, og sikrar at vi får registrert rett innbetaling på rett elev. Både for dei som vel å nytte avtalegiro, og for dei som vel å betale fakturarane manuelt, vil vi nytte e-post til all utsending av fakturaer. Dei som har autogiroavtale med Sygna frå før, treng ikkje fylle ut nytt skjema dersom det ikkje er endringar i avtalen. Døme på endringar kan vera nytt kontonummer eller endring av beløpsgrense pr. måned.

Vi anbefaler at ein set beløpsgrensa pr. måned til minst kr 14 000,-. Vi vil uansett ikkje trekke meir enn den summen som står på fakturaen. Dersom beløpsgrensa er lågare enn summen som står på fakturaen, vil ikkje noko av summen bli trekt, og fakturaen blir ståande ubetalt.

Det er viktig at kontonummer er eigd av same person som står med namn, adresse og signatur. Til dømes dersom det er føresette sin konto fakturaen skal trekkjast frå, må føresett sitt namn, adresse og signatur stå. Til informasjon får elevar under 18 år i hovudsak ikkje lov til å opprette avtalegiro, men bankane har ulik praksis på dette. Ein må difor eventuelt ta kontakt med sin bank.

Litt om betaling

Eleven får støtte frå Statens lånekasse inn på ein konto han/ho eig. På eleven sine sider på www.lanekassen.no kan ein velje kva konto ein vil nytte. Dersom ein ynskjer at pengane skal kome inn på føresette sin konto, må ein sjølv ordne dette med Lånekassen. Vi vil anbefale at føresette sin konto blir belasta for betaling til Sygna, då ein kan opprette avtalegiro. Ei anna løysing er å opprette ein ny konto for eleven utan betalingkort, då ein er sikra at det er nok pengar på kontoen til fakturaen blir trekt.

NB! Sjølv om ein har oppretta avtalegiro, må ein følgje med kvar måned på kontoen sin for å sjå at fakturaen vert trekt automatisk. Fakturaen for august må ein alltid betale manuelt.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.